



Vestlandsrådet

Transportprogram for Vestlandet 2012 – 2015 - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik. Sogn regionråd har følgjande fråsegn til Transportprogram for Vestlandet 2012-2015:

E 39 har viktige regionale funksjonar langs kysten og utgjer hovudsambandet nord/sør på Vestlandet. Sogn regionråd vil peika på at eit vegsamband Stavanger-Trondheim om Sogn vil dekkja andre behov enn E 39, og vil gje eit verdifullt samband i Sør-Noreg. Sogn regionråd ønskjer derfor ei utgreiing av eit mogleg heilårs tverrsamband mellom Stavanger/Bergen og Trondheim om Sogn. I utgreiinga vil vi få fram dei samfunns-økonomiske verknadane i tillegg til å analysere transportmønsteret ved ulike alternativ.

Vegsambandet vil dekkja nasjonale og regionale behov. Tunnel under Sognefjellet vil gje den kortaste vegen for trafikk frå Bergen til Trondheim og strekninga vert anten med ei ferje eller ferjefri. Dette vil gje reduserte transportkostnader for næringslivet.

Med Sognefjellstunnelen Luster-Lom vil sambandet Stavanger/Bergen-Trondheim få tilknytting til aust-vest-sambandet Oslo-Sogn og Fjordane/Sunnmøre/Ålesund.

Delar av eit vegsamband i ein slik korridor er allereie under utbygging eller planlagt utbygd som Hardangerbrua og Rogfast. Det som gjenstår er tunnelutbygging gjennom Sognefjellet og betra vegstandard på nokre strekningar i og utanfor regionen.

Sogn regionråd vil arbeida for at det vert sett i gang ei konseptvalutgreiing for heilårssambandet.

Sogn regionråd ber om at strekninga Stavanger-Trondheim om Sogn vert omtalt i Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2012 – 2015 slik at planen støttar igangsetjing av ei konseptvalutgreiing seinast ved rullering av Nasjonal Transportplan 2018 – 2027.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
leiar Samferdslegruppa i Sogn regionråd
(sign)

Vedlegg: Presentasjon frå Statens vegvesen

Vegsamband Bergen – Trondheim via indre Sogn?

Møte i Sogn Regionråd 24. april 2009

Innlegg v/regionvegsjef Olav Ellevset



Bergen - Trondheim



- E39 har viktige regionale funksjonar langs kysten og vil utgjera hovudsambandet nord/sør på Vestlandet
- Eit samband over Sogn vil dekkja andre behov, og er interessant på lenger sikt.
- Med store investeringar kan Trondheim – Bergen verta ferjefritt



Veglengder og ferjer

Bergen-Trondheim via	km	ferjer	Merknad
Dagens E39	661	6	Kvivsvegen kan eliminera 2 ferjer
Førde og Strynefjellet	697	1	Dagens raskaste vintersamband
Vik og tunnel Luster-Lom	620	1	Ferje Vangsnes-Hella
Lærdal og tunnel Luster-Lom	635	1	Ferje Fodnes-Mannheller
Tunnel Årdal og Luster-Lom	612	0	



2 tunnel-etappar



- Fortun-Bøverdalen har fleire tunnel-alternativ
- Seinare planlegging vil avklara verneinteresser, skredrisiko, tekniske forhold m.m.
- Bøverdalen-Lom har låg vegstandard
- Deler av vegen til Årdal må også ombyggast



Svært førebelse kostnader

Delprosjekt	km	Kostnad mill.kr.	Merknad
Veg i Fortun	10	300	Lett terreng
Kort tunnel, alt. 1	17	1900	
Lang tunnel, alt. 2	24	2600	
Veg i Årdal/Utladalen	1	100	Delvis tunnel
Tunnel Årdal-Fortun	20	2200	

